



Helge Haugland
Kvamsvågen 18
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13267 - 20/81174

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
22.12.2020

Klage på gebyr vert avvist - gbnr 141/7 Kvamme

Tiltak: vegutbedring
Byggjestad: Gbnr: 141/1
Tiltakshavar: Helge Haugland
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Saka gjeld klage på saksbehandlingsgebyret på kr 1 700,- for avvist søknad. Klagen er fremma frå ansvarleg søkjar i skriv, datert 21.09.2020, med supplerande skriv av 15.09.2020 og 24.10.2020. Klagen vert handsama som ein søknad om gebyrbortfall, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 7-6 og forvaltningslova (fvl.) §33. Utfallet av klagen kan vere at klagen tas til følgje (heilt eller delvis), klagen tas ikkje til følgje eller at klagen vert avvist. Avvising inneberer at kommunen ikkje realitetshandsamar klagen.

Avvisningsvedtaket av 10.09.2020 gjeld søknad om utbetring av tilkomstveg til gbnr 141/7. Tiltaket omfattar etablering av støttemur som skal plasserast på eigedomen gbnr 141/63. Sjelve vegen ligg på eigedomen gbnr 141/2. Vi viser også til oversendingsskriv av 21.12.2020 til Fylkesmannen i Vestland for vedtak om avvist søknad for utbetring av veg til endeleg behandling som supplerer noverande skriv i høve sakas bakgrunn.

Kommunen avviste søknaden i administrativt vedtak datert 10.09.2020 på grunn av manglar.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om utbetring av veg avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.»

Faktura pålydande kr 1.700,- vart fakturert i saka med ordrenr. 1487 og ordredato 16.09.2020, sjå vedlegg.

Det er sendt inn søknad om utsettning av gebyr som ikkje vart gjeve då gebyr skal betalast uavhengig av klage på vedtaket iht. vårt Gebyrregulativ av 2020 kapittel 4, sjå vårt skriv av 13.11.2020.

VURDERING:

Det vert klagt på saksbehandlingsgebyret på kr 1 700,- for avvist søknad. Klagar hevdar at avvsningsvedtaket ikkje har heimel i plan- og bygningslova, slik at det ikkje kan fakturerast for avvist sak.

I vårt skriv av 15.10.2020 har vi uttalt følgjande:

«Om tidfristar

Saka er sendt inn som eitt-trinnssøknad, men er ikkje i samsvar med plangrunnlaget. Det følj av plan- og bygningslova § 21-7, fjerde ledd, at søknaden ikkje stettar krava til søknader med saksbehandlingsfrist på 3 veker.

«Søknad om tillatelse til tiltak etter § 20-2 som krever dispensasjon fra plan eller planbestemmelser, skal avgjøres av kommunen innen 12 uker. Fristen løper ikke i den tiden søknaden ligger til uttalelse hos regionale og statlige myndigheter, jf. § 19-1»

Kommunen beklagar at det er gitt sein tilbakemelding i saka, men søknaden er behandla innanfor fristen i lovverket. Det er ikkje grunnlag for tilbakebetaling av gebyr slik det går fram av saksforskrifta § 7-6.»

Vår sak er ikkje ein 3 vekers sak, men ein 12 vekers sak då tiltaket krev dispensasjon. Saksforskrifta § 7-6 kommer ikkje til anvending då det er gjeve tilbakemelding i saka om manglar innan fristen på 12 veker og med tillegg av den tid saka er på høyring til regionale mynde i inntil 4 veker. Så lenge saka ikkje er komplett med søknad om dispensasjon mv. (manglane er ikkje stetta), så løper ikkje 12 vekers fristen. Det er først ved fristoverskriding av 12 veker og med tillegg av den tid saka er på høyring til regionale mynde i inntil 4 veker, at saksforskrifta § 7-6 kjem til anvending. Gebyrbortfall ved kommunens fristoverskriding i slike saker tilbakebetales med ein sats på 25% av det totale gebyret pr. påbegynte veke tidsfrista vert overskriden.

Dersom saka hadde vore ein 3 vekers saker og ikkje vore handsama innan fristen, så er det ikkje gebyrbortfall ved kommunens fristoverskriding. For å vere ein 3 vekers sak, må søknaden vere komplett og ikkje vere avhengig av dispensasjonar. Noverande sak krev søknad og vedtak om dispensasjon, men det er ikkje sendt inn slik søknad. Søknaden vart difor avvist den 10.09.2020 og oversendt til endeleg handsaming til Fylkesmannen i vestland i skriv av 21.12.2020.

Gebyr for avvist sak forfaller umiddelbart i henhold til fasett betalingsfrist då «Gebyr vert fakturert når det er fatta vedtak i saka», jf. Alver kommune sitt Gebyrregulativ for 2020 pkt. 4.4 første ledd, sjå vedlegg. Vidare følgjer det av pkt. 4.4 annet ledd «Ved avvist sak blir det fakturert gebyr ved avslutta sak». I tillegg skal gebyr betalast uavhengig av klage på vedtaket, jf. pkt. 4.1 fjerde ledd.

Med avvsningsvedtaket av 10.09.2020, så har kommunen heimel til å fakturere gebyr for avvist sak etter gjeldande sats kr 1.700,- slik denne fremgår av Gebyrregulativet for 2020 kode 11b).

Søknad om gebyrbortfall kan avvist etter fvl. §33 annet ledd, jf. pbl.§ 7-6 og Gebyrregulativ for 2020 kapittel 4. Avvising inneberer at kommunen ikkje realitetshandsamar klagen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Stadfesting på mottatt klage
Utsetjing av gebyr - gbnr 141/7 Kvamme nedre
Inkassovarsel byggjegebyr 11,11. 20
Klage på avvissingsvedtak mur,underskreven
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur, klage på avvissingsvedtak
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur.
Klage på avvissingsvedtak
Reguleringsføresegner side 1
Reguleringsføresegner side 2
Reguleringsføresegner side 3
Reguleringsføresegner side 4
Reguleringsføresegner side 5
Reguleringskart friluftsområde Kvamsvågen
Revidert situasjonskart M=1500
Side 1 Tilsvar til Alver kommune på brev av 15.10.20
Side 2 Tilsvar på brev frå Alverkommune av 15.10.20
Svar på brev om merknadar til avvist søknad - gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
Klage på vedtak om avvising av søknad om utbetring av veg på gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
E-post - Klage på avvissingsvedtak mur,underskreven - gbnr 141/7Kvamme nedre
Svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 1417
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur.
faktura-50000708

Vedlegg:

Brev om avslag mur og svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 141/7 Kvamme nedre
Svar vedkomande sikring av privat tilkomstveg til gbnr 1417
Brev til Alver kommune vedk svar på avslag mur
Kopi av ordre nr 1487
Fakturagrunnlag - gbnr 141/1 Kvamme nedre
Søknaden om utbetring av veg vert avvist- gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre
Søknad om løyve til eitt-stegs søknadsbehandling - gbnr 141/7 Kvamme nedre
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Nabovarsel
Teikning
Erklæring om ansvarsrett og samsvarserklæring
Gebyrregulativ 2020

Kopi til:

Helge Haugland	Kvamsvågen 18	5911	ALVERSUND
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG

Mottakarar:

Helge Haugland	Kvamsvågen 18	5911	ALVERSUND
Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG